
Grytenuten. © Skattkammeret Suldal. Foto: Bjarte Skipevåg

## Handel
I Vatlandsvåg er det daglegvarebutikk og småbåthamn med moderne sanitæranlegg.. Nærbutikken i idylliske Vatlandsvåg fungerer som eit naturleg knutepunkt med alt du treng til heimen og hytta. Dei held apotekvarer, leige av elsykkel, tilbyr drivstoff/gass og har pakkelevering for Posten og Postnord.

## Båthamn og fiske
Vatlandsvåg og Marvik har båthamner med bensinpumpe, straum og vatn. Leig deg ein båt og dra ut på fisketur på fjorden. Informasjon om fiske i fjorden finn ein på våre nettsider visitsuldal.no.

## Historisk sus
Det er gjort funn på Ropeidhalvøya som kan tyda på at det kan ha budd folk her heilt sidan steinalderen. Legg eit besøk innom minnesmerke av Torstein av Heimnes, den gjevaste hovdingen som har levd i Ryfylke, merkesmann hjå kong Håkonsson og kongen sin fremste rådgjevar. Ein kan også besøke bygdeborga Børshaug, festningsverk og kultplass frå eldre jernalder.

## Vandring/tur
Ropeidhalvøya byr på mange flotte turopplevingar tett på fjorden. Grytenuten er sjølve dronninga på Ropeidhalvøya. Frå 862 meter over havet kan du sjå til Melderskin, Folgefonna og like til Stavanger og Boknafjorden. På toppen finn du ein kikkert der du kan sjå dei vakre fjordane rundt.

## Shopping and village life
In the idyllic fjordside hamlet of Vatlandsvåg there is a grocery store and a harbour for small boats. The store is the natural place to go for all your home or holiday cabin needs. It sells pharmaceutical products, petrol and cooking gas and hires out e-bikes. You can also collect parcels delivered by service providers Posten and Postnord.

## Boat harbours and fishing
Vatlandsvåg offers a boat harbour with petrol pumps, electricity, water and modern sanitary facilities. Hire a boat and take a fishing trip out on the fjord. You also find a charming harbour in Marvik with petrol pump, electricity and water. Information about fishing in the fjord can be found on the website visitsuldal.no.

## A sense of history
Discoveries made on the Ropeid Peninsula indicate that people have lived here since the Stone Age. Why not visit the monument to Torstein of Heimnes, the most popular chieftain who ever lived in Ryfylke and one of King Håkon Håkonsson's bodyguards and chief advisers. You can also visit the settlement at Børshaug, a fortification and early Iron Age cult centre.

## Hiking
The Ropeid Peninsula offers many exciting fjordside walks. The Grytenuten mountain is known as the "queen" of the peninsula. From the top at 862 metres above sea level you can look across to the Melderskin peak, the Folgefonna glacier, and all the way to Stavanger and Boknafjord. There are binoculars at the top that you can use to enjoy views of the beautiful fjords.


Båthamn Vatlandsvåg. © Skattkammeret Suldal. Foto: Vatlandsvåg Handel


Sjubbehålsvågen. © Skattkammeret Suldal. Foto: Rune Roaldkvam


Hebnes Fjordferie. © Ryfylkemuseet. Foto: Hebnes Fjordferie


Fjordfiske. © Skattkammeret Suldal. Foto: Karl Ohm




**Ropeidhalvøya** ligg sørvest i Suldal kommune, med Vindafjorden og Sandsfjorden som næraste naboar. Halvøya strekk seg frå Helland i nord til Hebnes i sør og Ropeid i aust. Ein tur til Ropeidhalvøya byr på fine bade- og turopplevingar, jakt og fiske rett utanfor stovedøra, møte med middelaldarhøvdingar og bygdeborger frå eldre jernalder.

**The Ropeid Peninsula** is located in the south-west of Suldal municipality with Vindafjord to the north and Sandsfjord to the south. The peninsula extends from Helland in the north to Hebnes in the south and Ropeid in the east. A trip to the Ropeid Peninsula offers you excellent opportunities for bathing and walking, with hunting and fishing right outside your door. Meet tribal chieftains from the Middle Ages and visit early Iron Age fortified settlements.

Omega Design

Turkart
Hiking

Skattkammeret Suldal


Grytenuten. © Skattkammeret Suldal Foto: Lise Bjelland

# Ropeidhalvøya

Fjordidyll med historisk sus
Idyllic and historic fjord settlements

visitsuldal.no #visitsuldal

Suldal




| | Rute *Route* | moh *m.a.s.l* | Timar *Hours* | Lengde *Distance* | Parkering *Parking* |
|---|---|---|---|---|---|
| | 1. Østebøneset – Grytenuten | 862 | 6 | 15 | Østebøneset |
| | 2. Kjølvikstølen – Grytenuten | 862 | 5 | 10 | Kjølvikstølen |
| | 3. Grytevatnet rundt | 50 | 2 | 6 | Ved Grytevatnet |
| | 4. Rundtur i Vatlandsvåg | 40 | 1 | 4 | Ved butikken |
| | 5. Røssenuten rundt | 560 | 3,5 | 7 | Fjetland |
| | 6. Rundtur i Marvik | 205 | 2 | 6 | Marvik kapell |
| | 7. Ressfjellet | 497 | 2 | 4,5 | Ved startpunkt |
| | 8a. Døsja - Fossanibba | 700 | 5 | 10,5 | Døsja |
| | 8b. Døsja - Fossanibba | 700 | 5 | 9 | Døsja |

! Timar/km gjeld rundtur eller tur/retur. *Hours/distance includes return.*

**Gradering av turstiar** ***Rating of hiking trails***

- **Lett/Easy.** Kan gjennomførast av alle. *For anyone and everyone.*
- Godt tilgjengeleg / Easily accessible
- **Middels/Medium.** For den vanlege trimmar. *For those of average fitness.*
- **Krevjande/Challenging.** For den erfarne turgåar. *For experienced hikers.*
- **Ekspert/Expert.** For erfarne fjellfolk. *For mountain experts.*

Turar og beskrivingar:
*Hikes and descriptions:*
**ut.no visitsuldal.no**